



Notat

Dato: 23.04.2014
Arkivsak: 2014/12424-5
Saksbehandlar: ellsynn

Til: Opplæring- og helseutvalet
Kultur- og ressursutvalet

Frå: Fylkesrådmann

Fordeling av tilskot til fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv 2014

Samandrag

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fordele midlar i den statlege tilskotsordninga «Fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv». Denne saka legg fram melding om innstilling til fordeling av midlane i denne tilskotsordninga. Saka vert sendt til Kultur- og ressursutvalet og Opplærings- og helseutvalet.

Midlane vart utlyst med søknadsfrist 15.02.2014. Innan fristen kom det inn til saman 37 søknadar med total søknadssum kr 1.936.550,-. Hordaland fylkeskommune er tildelt kr 900.000,- fra Helsedirektoratet til fordeling. Tildelinga er samordna med andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og folkehelse.

Innleiing

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fordele midlar i den statlege tilskotsordninga «Fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv». Denne saka legg fram melding om innstilling til fordeling av midlane i tilskotsordninga.

Tilskotsordninga – mål og føringar

Målet for ordninga er å fremme fysisk aktivitet, spesielt blant grupper som er lite fysisk aktive. Utjamning av sosiale ulikskapar i aktivitetsvanar og helse skal vere sentralt. Ordninga skal stimulere frivillige organisasjonar til tilrettelegging av fysisk aktivitet på lokalt plan for grupper som er lite/mindre fysisk aktive, herunder også born og unge som fell utanfor dei ordinære idretts- og aktivitetstilboda. Overordna målgruppe er regionale og lokale lag, foreiningar og organisasjonar. Den primære målgruppa er personar som har eit lågt fysisk aktivitetsnivå eller som kan karakteriserast som fysisk inaktive. Regional plan for folkehelse – Fleire gode levekår for alle – 2014-2025 har som mål at fleire skal nå dei nasjonale måla om fysisk aktivitet kvar dag. I tillegg har planen eit spesielt fokus på born og unge. Tiltak retta mot born og unge vert derfor prioritert i fordelinga, og her spesielt barn og unge som fell utanfor eksisterande aktivitetstilbod.

Hordaland fylkeskommune er tildelt kr 900 000,- til fordeling i 2014 i tillegg til kr 50 000,- til prosjektmidlar som skal overførast frå 2013. Midlane overført frå 2013 vert ikkje omtalt i denne saka.

Utdeling og sakshandsaming

Tilskotsordninga vart utlyst med fylgjande vilkår og prioriteringar med frist 1-. mars:
Tiltak retta mot barn og unge og som bidreg til inkludering i fysisk aktivitet vert prioritere.

Ordninga skal bidra til kontinuitet, langsiktigkeit og samarbeid mellom kommune og frivillig sektor. Prosjekt som har overføringsverdig til andre og som kan bidra til modellutvikling vert prioriterte. Størrelse på prosjekt bør vere 50–100.000 kr. Det vert kravd minimum 50 % eigenfinansiering. Dugnadsarbeid kan inngå som eigenfinansiering (inntil kr. 250 per time). Midlane skal gå til aktivitet og ikkje til drift. Søknader der det er etablert samarbeid med kommunar, og der det går fram at dette er prioriterte kommunale oppgåver vert prioriterte.

Det kom inn 37 søknadar innan fristen som vart teken til vurdering. 1 søknad kom 2 veker etter fristen og vart derfor avvist. Det vart søkt om totalt kr 1.936.550,- med ein total kostnadssum på kr 6.698.075,- for alle prosjekta. Tildelinga er samordna med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. I sakshandsaminga har alle søknadane vorte vurdert og eventuelt flytta til andre tilskotsordningar der dei passar best i høve føremålet med ordninga. 12 søknadar vart flytta til andre tilskotsordningar. Spesielt mange prosjekt retta seg mot eldre og vart overført til vurdering av fylkeskommunale midlar til seniortiltak. Nokre prosjekt vart også flytta til ordningane «Tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge», «Lokale friluftslivtiltak» og «Tilskot til friluftslivføremål».

Utover mål og vurderingskriterier nemnt over har fylkesrådmannen valt å prioritere større summar til færre tiltak slik at prosjekta kan gjennomførast og vidareførast i tråd med intensjonen. Det er også som hovudregel gitt støtte til tiltak som fekk støtte i 2013 for å sørge for tilstrekkeleg etablering. Dette gjeld ikkje dersom tiltaket har vart i over 3 år. Fylkesrådmannen har forsøkt ei balanse i tildelinga mellom befolkningretta tiltak og tiltak retta mot meir spesielle grupper. Det er gitt 5 avslag grunna manglar i oppfylling av kriterier eller at tiltaka vert vurdert å vere utanfor målgruppa.

I utlysing av midlar for 2015 vil Fylkesrådmannen presisere at det ikkje kan søkjast om tilskot til tiltak som har pågått i meir enn 3 år. Utover dette må søknaden rettast mot utvikling og overføring av det originale prosjektet. Dette omsynet vert til dels gjennomført også i fordelinga for 2014. I vurdering av tiltak som elles har lik prioritering, vil tiltak som har pågått i over 3 år bli nedprioritert.

Fylkesrådmannen har vurdert dei ulike søknadene og instilt fylgjande tildeling:

Nr	Tiltak	Søkjar	Søknadssum	Tildelt sum	Kommentar
1	Få folk ut på vatnet!	Bydelsbloggen	58000	58000	Tilsegn
9	TrivselTysnes med barn i fokus	Njardar/Tysnes idrettslag	100000	46000	Tilsegn, redusert sum
11	Aktivitetsområdet Ungdommens hus	Austrheim ungdomsklubb	44800	44000	Tilsegn
14	Bare gjør det - du kommer ikke til å angre!	Norges Astma og Allergiforbund, region Vest	73 000	73 000	Tilsegn
15	Friluftsutstyrbase Rosendal	Friluftsrådet Vest	50 000	50 000	Tilsegn
18	Brubyggjaren	Øygarden Frivilligsentral	40000	40000	Tilsegn
21	MEGA - Mestring, energi, glede, aktivitet	Idrett Bergen Sør	100000	100000	Tilsegn
25	Bredt&Godt! pluss	Kalandseid IL	71 000	71 000	Tilsegn
28	Til Topps/ Døråpner	Hordaland Røde Kors	25000	25000	Tilsegn
29	Al-Madina Internasjonal Kvinnegruppe, Løvstakken	Frivillig organisasjon/ Bergen	48 400	48 000	Tilsegn
30	Idrett og skole - hånd i hånd, SFO	Hordaland idrettskrets	100000	100000	Tilsegn
22	Turnleik for born!	Kinsarvik idrettslag	45000	45000	Tilsegn
33	Fra gata til idrett	Way Forward	50000	50000	Tilsegn
34	Promenaden over syv broer	Sportsklubben Djerv	50000	50000	Tilsegn
35	Lettare til fots	Knarvikmila/aks-77	50000	50000	Tilsegn

					Tilsegn
36	God folkehelse	Sund Turlag	50000	50000	
2	Seniordans	Etne Seniordans	5000	0	Vurdert i anna ordning
3	Motivasjonssamling for triminstruktører i LHL	Landsforeningen for hjerte- og lungesyke, Hordaland	35000	0	Avslag: ikkje målgruppa
4	Friluftsliv for alle - hele året	Haugesund Turiostforening	8000	0	Avslag: ikkje målgruppa
5	Trim Salabim	Samnanger Pensjonistlag	20000	0	Vurdert i anna ordning
6	Dans på Unneland – fysisk aktivitet i et folkehelseperspektiv.	Unneland Grendalag	60000	0	Avslag: ikkje målgruppa
7	Friluftsliv / folkehelse for alle, 6 friluftsarr. i 2014	Bømlo Turlag	52000	0	Vurdert i anna ordning
8	What about the mentally ill?	Global Relief Somali Foundation	60000	0	Avslag: ikkje målgruppa
10	Kvinnetrim på Møhlenpris og Landås	Somalisk Kvinneforening Hordaland	16800	0	Avslag: ikkje målgruppa
12	Nærmiljøst med aktivitetsloype over Heiane	Bygdalaget Nesjaheimen	75 000	0	Vurdert i anna ordning
13	Læring i friluft	Friluftsrådet VEST	50 000	0	Vurdert i anna ordning
16	Mental Helse Bømlo i samarbeid med Psykiatri tenesta i Bømlo kommune, søker om tilskot til fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv.	Bømlo kommune og Mental Helse Bømlo	30 000	0	Avslag: ikkje målgruppa
17	Lavterskeltildel Aktiv til 100	Stord-Fitjar Turlag	30000	0	Vurdert i anna ordning
19	VU Senior tiltak, 2014	Voss utferdsdag	76350	0	Vurdert i anna ordning
20	Fysisk aktivitet og sosialt treff for eldre hjemmeboende	Strandebarne Lions club	25685	0	Vurdert i anna ordning
23	Vandring i Jondal	Jondal idrettslag	93 875	0	Vurdert i anna ordning
24	Friluftsleiren	Hordaland krins av Norges speiderforbund	60000	0	Avslag: søknadskriterier
26	Vossadans	Voss kommune	40000	0	Vurdert i anna ordning
27	Undervisningslære i dans og musikk	Seniordans Norge, region Hordaland	33140	0	Vurdert i anna ordning
31	Aktiviteket	Hordaland Bedriftsidrettsskrets (HBIK)	60 000	0	Vurdert i anna ordning
32	Ungdomsansvarlig	Bergen og Hordaland Turlag	100000	0	Vurdert i anna ordning
37	Aktiv kvar dag	Bergen og Hordaland Turlag	50000	0	Avslag: søknadskriterier